

Tilskot til etablering og utvikling av kommunale frisklivs-, lærings og meistringstilbod 2021

Kommunar kan no søke om støtte til etablering og/eller utvikling av frisklivs-, lærings eller meistringstilbod.

Vestland fylkeskommune har fått tildelt kr. 1 875 000,- til fordeling for etablering og/eller utvikling av frisklivs-, lærings eller meistringstilbod. Tilskotsordninga skal støtte kommunane i arbeidet med å fremje helse og livskvalitet, førebyggje sjukdom, tidleg intervensjon, og til at målgruppene lærer å meistre livet med sjukdom. Frisklivssentralen skal gjennom samhandling med andre aktørar sørge for førebyggjande tenester av god kvalitet, og vere ein samarbeidspartnar i kommunen sitt folkehelsearbeid.

Les meir om Frisklivssentralen si rolle i [Helsedirektoratet sin rettleiar](#).

Søknadsfrist:

26.03.2021

Målgruppe:

Personar med auka risiko for utvikling av samansette helseplager og kronisk sjukdom, og med behov for hjelp til å endre levevanar og til å meistre livet med sjukdom og plager.

Kven kan søkje:

Kommunar i Vestland fylkeskommune

Tiltak og prosjekt som blir prioritert i 2021:

- Tilbod og prosjekt som imøtekjem lokale behov og utfordringar i kommunen sitt kunnskapsgrunnlag, til dømes i folkehelseoversikta.
- Kommunar i gong med ei omstilling i tråd med leve heile livet satsinga*

*Regjeringa har bestemt at kommunar som omstiller seg i tråd med eldrereforma "leve heile livet skal prioriterast. Sjå [Helsedirektoratet sine nettsider](#) for meir informasjon.

Vilkår for tildeling av midlar:

Sjå vilkår for tildeling og Regelverk for ordninga på [Helsedirektoratet sine sider](#)

Krav til søknaden:

For kommunar som søker om etablering av frisklivssentral, skal søknad underteiknast av rådmannen eller den som har delegert mynde. For allereie etablerte frisklivssentralar skal søknad underteiknast av styreleiar eller den som har delegert mynde.

Korleis søkje:

Søknad skal sendast inn ved bruk av søknadsskjema på fylkeskommunen sine nettsider. Teksten som søkjaren må fylle ut i kvar kategori kan skrivast kort og konsist. Innhaldet kan utdjupast i vedlegg til søknaden.

Andre aktuelle ressurser og verktøy:

- [Tilbud ved frisklivssentraler og veilederkurs](#)
- [Idébanken for frisklivssentraler](#)